



Arkivnr: 2014/927-20

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2018
Fylkestinget		02.10.2018

## Finansrapport 2. tertial 2018

### Samandrag

Fylkeskommunen si lånegjeld er 10 443 mill. kr. 51,8% av gjelda har rente som er bunden i meir enn eitt år. Fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar inneverande år. Men på lengre sikt kan auke i rentenivået bli ei stor utfordring. Gjennomsnittleg rentenivå for låneporteføljen er 2,09 %, mot 2,12 % ved utgangen av første tertial.

**Økonomi:** Det er venta innsparing på om lag 15 mill. kr i høve til budsjettet.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2018 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Rapport gjeldsportefølje (BCM)

## Fylkesrådmannen, 07.09.2018

## Lånegjeld


	kr 1 000	
	Fylkeskassen	Bompengeprosjekt*
Lånesaldo 1. januar	10 473 300	176 000
Nye låneopptak i 2018	525 000	0
Avdrag	555 000	0
Lånesaldo 30. april	10 443 300	176 000

\* Bompengeprosjekt omfattar E134 Stordalstunnelen og Årsnes ferjekai, der fylkeskommunen har teke på seg oppgåva som "bompengeselskap". Ein reknar med at desse låna blir overtekne av Ferde AS i løpet av året.

I 2. tertial har ein innfridd eit fastrentelån i Kommunalbanken på 230 mill. kr, og bokført dette som avdrag.

Låneporteføljen fordeler seg slik:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 451 000	23,5 %
Obligasjonslån	12	5 215 000	49,9 %
Kommunalbanken (langsiktige)	9	2 777 300	26,6 %
Totalt	28	10 443 300	100,0 %



Nye låneopptak dei siste åra har for det meste blitt gjort i form av obligasjonslån. Denne lånetypen utgjør nær halvparten av samla låneportefølje.

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der bankane opptreer som mellommenn. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

### Gjeldsgrad

Ved siste årsskifte hadde Hordaland fylkeskommune ein netto gjeldsgrad på 113,4 % av driftsinntektene. Dette er høgaste gjeldsgraden mellom fylkeskommunane. I gjennomsnitt utgjorde netto lånegjeld for fylkeskommunane 71,7 % av driftsinntektene.

Det er ikkje venta at gjeldsgraden for Hordaland vil endre seg nemnande i 2018. Sjølv om gjelda vil auke noko, reknar ein med at nominelle inntekter vil auke tilsvarande, slik at forholdet mellom gjeld og inntekter vil vere om lag uendra.

### Utvikling i rentenivå

I 1. tertial viste rentenivået stigande tendens. Pengemarknadsrenta (3 mnd. Nibor) gjekk opp frå 0,81% til 1,11 %. I 2. tertial har pengemarknadsrenta falle noko tilbake, og var 1,03 % ved utgangen av august. Gjennomsnittsrenta på heile låneporteføljen har gått ned frå 2,12 % til 2,09 % i 2. tertial.

### Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	30. apr. 2018		31. aug. 2018	
	Lånesaldo	Andel	Lånesaldo	Andel
Lån med rentebinding over 1 år	5 411 000	50,7 %	5 411 000	51,8 %
Lån med flytande rente / rentebinding under 1 år	5 262 300	49,3 %	5 032 300	48,2 %
<b>Totalt lån</b>	<b>10 673 300</b>	<b>100,0 %</b>	<b>10 443 300</b>	<b>100,0 %</b>


Ein har definert grensa mellom fast og flytande rente ved 1 år. Ved utgangen av august hadde 51,8 % av låneporteføljen fast rente.

### Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr. 31. august er bindingstida 1,8 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år.

Periode (år)	Mill. kr	Andel
< 1	5 032	48,2 %
1 - 2	1 226	11,7 %
2 - 3	1 495	14,3 %
3 - 4	820	7,9 %
4 - 5	950	9,1 %
5 - 6	920	8,8 %
<b>Totalt</b>	<b>10 443</b>	<b>100,0 %</b>




### Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen være diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjøre meir enn 10 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over lån som har forfall kvart år framover.

Periode (år)	Mill. kr	Andel
< 1	3 631	34,8 %
1 - 2	1 365	13,1 %
2 - 3	1 483	14,2 %
3 - 4	813	7,8 %
4 - 5	1 195	11,4 %
5 - 6	920	8,8 %
6 - 7	0	0,0 %
7 - 8	0	0,0 %
8 - 9	460	4,4 %
9 - 10	0	0,0 %
> 10	576	5,5 %
<b>Totalt</b>	<b>10 443</b>	<b>100,0 %</b>



Pr. 31. august har fylkeskommunen 6 sertifikatlån og 1 kortsiktig lån i Kommunalbanken med sertifikatvilkår. Tre av låna har løpetid på 3 mnd. og fire på 12 mnd. Obligasjonslåna har løpetider frå 3 - 10 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10 år.

For å avgrense refinansieringsrisikoen, er det viktig å planleggje forfall, slik at ein unngår at mange lån har forfall i løpet av eit kort tidsrom. Nedanfor er vist eit detaljert oversyn over lån som har forfall dei neste 12 månadene. I tillegg til sertifikatlåna, er det 3 langsiktige lån som har forfall.

For sertifikatlåna med 3 mnd. løpetid har ein «rulleringsavtaler» med DNB. Dvs. at banken fornyar låna ved kvart forfall. På denne måten har ein redusert refinansieringsrisikoen til eit minimum. For tida oppnår ein lågare rente på denne måten enn om ein hadde teke opp meir langsiktige lån.

Låneforfall neste 12 månader:

Dato	Lånetype	Beløp	Kommentar
28.09.2018	Sertifikat 28.06.2018 - 28.09.2018	221 000	Rulleringsavt.
26.10.2018	Sertifikat 27.10.2017 - 26.10.2018	350 000	
30.10.2018	Sertifikat 30.07.2018 - 30.10.2018	345 000	Rulleringsavt.
22.11.2018	Sertifikat 22.08.2018 - 22.11.2018	340 000	Rulleringsavt.
23.11.2018	KBN sertifikatvilkår 23.11.2017 - 23.11.2018	470 000	
14.02.2019	Obligasjonslån 2014-2019	400 000	
26.02.2019	Kommunalbanken 2009/2019	330 000	Avdrag
15.03.2019	Sertifikat 16.03.2018 - 15.03.2019	390 000	
07.06.2019	Sertifikat 08.06.2018-07.06.2019	335 000	
11.06.2019	Obligasjonslån FRN 2016/2019	450 000	
<b>Total</b>		<b>3 631 000</b>	

**Likvide midlar**

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar ved utgangen av august:

	Apr 2018	Aug 2018
Pengemarknadsfond	126 877	126 877
Ordinære bankinnskot	644 794	561 258
Skattetrekksmidlar	236 361	142 481
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	544 754	645 013
Bankkonti bompengeprojekt	52 016	41 720
Sum innskot og fond	1 604 802	1 517 349
Kassabeholdningar	22 612	22 987
<b>Sum likvide midlar</b>	<b>1 627 415</b>	<b>1 540 336</b>

Sum likvide midlar er vel 1,5 mrd. kr. Summen har gått litt ned i løpet av 2. tertial.

Gjennomsnittleg annualisert avkastning på pengemarknadsfonda har vore 1,60 % så langt i år. Til samanlikning har renta på konsernkontoen vore 1,42 %.

**Renterisiko**

Slik situasjonen er pr. 31. august, vil endringar i rentenivået gje relativt små utslag for fylkeskommunen første året. Ein har rekna på korleis ein renteauke på 1 % frå 1. september vil slå ut for perioden september 2018 til august 2019. Auken i renteinntekter og rentekompensasjon vil langt på veg motsvare auken i renteutgifter. Netto auke vil bli om lag 5,8 mill. kr.

I tabellen er det også vist korleis ein renteauke på 1 prosentpoeng i år vil slå ut i 2021. Innan den tid vil mange av fastrentelåna ha fått ny rente. Netto renteutgifter vil gå opp med om lag 45 mill. kr. Utrekningane er gjort med same låneportefølje og same innskot som pr. 31.08.2018. I praksis ventar ein at summen av lån vil halde fram med å auke noko. Dermed vil også auken i renteutgifter bli noko høgare.

Verknad av renteauke 1 prosentpoeng	Mill. kr	
	år 1	2021
Renteutgifter	34,7	72,0
Renteinntekter og rentekompensasjon	-28,9	-26,8
Netto	5,8	45,2

**Prognose i høve til budsjett**

Det er venta innsparing i renteutgifter på om lag 5 mill. kr. I tillegg kjem auka inntekter på nær 10 mill. kr som følgje av at rentesatsen for rentekompensasjonsordningane er auka frå 1 % til 1,5 %. Samla innsparing er venta å bli om lag 15 mill. kr.

Som vedlegg til saka følgjer ein rapport utarbeidd av Bergen Capital Management. Her finn ein meir detaljopplysningar, m.a. ei oppstilling av alle fylkeskommunen sine lån med gjeldande rentesatsar.